

Fra: Anngunn Gullbrå
Sendt: 18. juli 2014 11:04
Til: 'Andersen Åge'
Kopi: Per Atle Sæle
Emne: SV: Fylkesveg 248 til lo - Retting av grense gnr 43
Vedlegg: Målebrev_veggrunn_43_106_127_129.pdf; FV248Rossland.pdf

Viser til sak om retting av grenser, jmf e-poste nedanfor.

Eg har lagt ved eit oversiktskart som viser tildelte bruksnummer på FV 248, samt kopi av målebrev for gnr 43 bnr 106, 127 og 129.

Etter det eg kan sjå er bnr 106 berre ein avgrensa parsell av veggrunnen på 840 m2.

Registreringsbrevet for 43/106 som du sende meg kopi av – utan dato, signatur eller stempel finn eg ikkje i våre arkiv. Dette har truleg aldri vore sendt inn til kommunen.

Det som er sendt inn er målingar av tilleggsareal til uregistrert veggrunn / enkelte grenselinjer for 2 strekker av vegkant. Desse har- etter det eg kan forstå- i 1991 vorte feilaktig registrert som egne eigedommar og 43/127 og 43/ 129 har vorte oppretta som parsellar for veggrunnen- i staden for berre å registra dei innmålte grenselinjene/ tilleggsarealet.

Då bruksnummera 127 og 129 er feilaktig oppretta, burde desse vore sletta. Det er ikkje laga korridor for vegen i matrikkelkartet over kommunen sin eigedom 43/132- Leirdalen.

Heile vegen bør tildelast eige bruksnummer, men eg trur ikkje me kan gjennomføra dette i dag- utan oppmålingsforretning, då det som kjent ikkje lenger er lov å bruka registreringsbrev!

Høyrer frå dykk med SV sitt syn på saka.

Med venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: Andersen Åge [<mailto:age.andersen@vegvesen.no>]
Sendt: 23. juni 2014 11:01

Til: Anngunn Gullbrå

Emne: Fylkesveg 248 til Io - Retting av grense gnr 43

Meland kommune

v/Anngunn Gullbrå

Vi viser til brevet dykkar som gjeld krav om retting av grenser for fylkesveg 248 til Io og dei tre eignedomane 43/13, 43/84 og 43/85.

Fylkesvegen er bygt etter veglova av 1938. Minste avstand for grensa mot veggen er soleis 2,5m. I tillegg skal fylling og skjering ligge til veggrunnen. Etter det eg kan sjå på kotekartet kan her vere både fylling og skjering. Grensa mot veggen er ikkje oppmålt. Dersom grensa mot veggen skal målast opp, må dette gjerast som oppmålingsforretning over eksisterande grenser.

Fylkesvegen er her ikkje registrert med eige bruksnummer. Men veggen er registrert med bruksnummer 106 frå riksvegen og eit stykke opp Eikelandsvegen. Bruksnummer 106 kan soleis rettast til å gjelde heile fylkesveg 248. Dette var også meininga då registreringa vart gjort, truleg i 1994.

Med helsing
Åge Andersen

Seksjon: Egedomsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN

Telefon: +47 55516202 **Mobil:** +47 48072802 **e-post/Lync:** age.andersen@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?